

Ernst Johansen

Fra: Bjarne Neteland <bnetela@broadpark.no>
Sendt: 6. mars 2014 14:19
Til: ernst.johansen@miljoconsult.no; post@austrheim.kommune.no
Emne: Merknader til nabovarsel Gnr 128 Bnr. 27
Vedlegg: Hytte merknader mars 2014.docx

Hei!

Oversender i vedlagt dokument merknader til ovannevnte nabovarsel.

Bjarne Neteland

MiljøConsult AS

v/ Ernst Johansen

Fantoftveien 44

5072 Bergen

Leirvåg 06.03.2014

Vedr. Nabovarsel fra Gnr. 128 Bnr. 27.

Viser til ovannevte nabovarsel motteken i rekommandert sending.

Hovedmerknaden til søknaden er at dette er ei oppgradering frå **hytte med enkel standard til hytte med full bustadstandard**. Hytter med enkel standard har begrensa bruksfrekvens, mens bustadstandard lett kan medføre bustader for heiltidsbuande.

Hytta er plassert på eit gardstun i eit LNF-område, og er av enkel standard. Intensjonen frå bnr.2 har heile tida vore at dette skal vera fritidsbustad med begrensa bruksmulegheit. Slik har den også vorte brukt i snart 60 år. Ved frådelling og fram til no har det vore familieband mellom hytteeigar og brukarar på bnr.2. No er hytta seld til ny eigar. Nabovarsel er sendt utan samtale på førehand.

Hyttetomten ville neppe vorte godkjent frådelt i dag.

Frådelling av bustadtomter i området ville heller ikkje vorte godkjent inne på eit gardstun.

Me har derfor ei klar innstilling om at hytta må haldast på nivået «hytte med enkel standard».

Framføring av vass- og avløps-leidningar over bnr.2 er me derfor imot.

Ut over hovedmerknaden har me følgjande merknader som Austrheim kommune må ta med i sine vurderingar:

A. Dagens kum for kaggetømming/vaskevatn.

Kummen som fram til no har vore i bruk ligg plassert på bnr.2.

Den er av enkel standard utan separate kammer. Avløp frå kummen er ikkje dimensjonert for fullt sanitæranlegg. Kummen er også disponibel for kaggetømming frå bnr. 40.

Dermed må den bli værande som den er i dag.

B. Storulykkeområde for Mongstadraffineriet.

Hytta er plassert i storulykkeområdet for Mongstadraffineriet. Auka busetnad i dette området er frå kommunen si side uttala som ikkje ynskjeleg, og me reknar med at dette vert teke omsyn til av kommunen i omtalte søknad. Det er ikkje mange år sidan bnr. 19 vart kjøpt av Statoil pga. nærleiken til raffineriet.

C. Plassering i forhold til driftsbygning.

Hytta på bnr. 27 ligg ca. 30 meter frå driftsbygningen på bnr.2.

Sitat frå «Kommunedelplan Leirvåg, Litlås, Kaland, Fønnes»

Det skal ikkje delast frå tomt nærare driftsbygning i landbruket enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt eller støyplager.

Her også må kommunen vurdere om oppgradering og auka bruk er å tilrå.

D. Entreprenørbase.

Like ved hytta er det også ein entreprenørbase på bnr.1 som medfører betydelige støyplager. I tillegg til støy- og sot-plager frå Mongstadraffineriet, må kommunen vurdere om ein vil ha fleire heiltidsbuande i området.

E. Bnr. 40

Som nevnt i pkt. A, er det også ei tilsvarande hytte på bnr. 40 som også har same standard. Salg kan fort bli aktuelt der også, med same ynskje om oppgradering. Vert hytta på bnr. 27 godkjent oppgradert, er det få argument for at ikkje hytta på bnr. 40 også skal kunna få same standard.

I argumentasjonen antyder me at hytta kan bli brukt til anna formål enn fritidshytte for eigar. Intensjonen til dagens eigar kjenner me ikkje. Potensialet er heilt klart tilstades ved ei eventuell oppgradering, og kommunen må gjera sine vurderingar ut frå dette scenariet. Av nabovarselet ser det ut som ny eigar er ei bedrift, og eventuell bedriftshytte/bustad for ulikt personell er uaktuelt. Intensjonen til ny eigar må også avklarast som ein del av denne saka.

Med helsing

Svanhild og Bjarne Neteland
Mongstadvegen 1290
5953 FONNES

Kopi:
Austrheim kommune v/Planavdelinga
Sætremarka 2
5943 Austrheim